



Foto 1. Lyngsviing er saman med beiting ein del av den tradisjonelle lyngheiskjøtselen. Målet med sviinga er å fjerne gammel vegetasjon til fordel for ny og meir næringsrik vegetasjon. Foto L.G. Velle.

Gammalnorsk sau og skjøtsel av kystlynghei – restaurering av gammal lynghei

Kystlynghei er eit kulturlandskap som i dag er på raudlista over norske naturtypar. Ein av dei største trugslane er opphøyr av tradisjonell beitebruk og lyngsviing, og ein har i dag fleire lyngheier i dårleg hevd. Interesse for kystlynghei er aukande, men er det mogeleg å gjere gamle kystlyngheier om til gode beiteområder igjen?

KYSTLYNGHEI EIN TRUA NATURTYPE

Kystlynghei er ein trua naturtype, og hovudtrugslane er opphøyr eller reduksjon av tradisjonell bruk, slik som beiting og lyngsviing. Lyngsviing har tradisjonelt vore ein viktig skjøtselsteknikk for å auke beiteverdi og produksjon i lyngheia. Eld fjernar gammal vegeta-

jon til fordel for ung og meir næringsrik vektasjon, og mange av plantene i kystlyngheia er tilpassa sviing. Røsslyng, nøkkelarten i kystlyngheia, er eit eksempel på ein slik art (Velle and Vandvik 2014). Tradisjonelt sett har det vore vanleg å svi kystlyngheia når røsslyngen når ein alder mellom 10-25 år. På denne måten får

ein fjerna gammal og forvêda lyng, til fordel for gras og urter og unge lyngplantar.


GAMMAL LYNGHEI EI UTFORDRING

Kystlyngheier som ikkje er i hevd, er heller ikkje gode beiteområder. Røsslyngen vert gammal og grov, og urter og gras går ut. Gjengroingsartar som einer, rogn, vier og bjørk kjem inn. Gammal lynghei har ofte eit tjukkare lag av mose og strø i botnen av vegetasjonsdekket, som kan vere vanskeleg å fjerne ved sviing. Dette laget kan gjere at frøspirar treng lengre tid på å vekse fram. I tillegg er det vist at gamle røsslyngplanter i mindre grad set rotskot. Når den konkurransesterke røsslyngen bruker lang tid på å vekse fram, gir dette tid og rom til at uønska og problemfylte artar kan etablere seg. Mangelfull skjøtsel kan også gjere at enkeltartar går ut, både frå vegetasjonssammansetninga og i frå frøbanken. Det er også vist at den grove strukturen i gammal lynghei kan gi ein eld som er vanskelegare å kontrollere enn det ein har ved sviing av velskjøtta lynghei. Gammal lyng er dessutan meir utsett for vintertørke, slik som det ein erfarte vinteren



Foto 2. Store mengder mose og strø i gammal lynghei er ofte vanskeleg å fjerne ved sviing, og gjere at frøspirar bruker lengre tid på å vekse fram etter sviing.

Foto L.G. Velle.



Figur 1. Utvikling i dekningsgrad (%) av a) gras og stort b) røsslyng, året før sviing (kontroll) og gjennom ein sjuårsperiode etter sviing i ulike vegetasjonstyper: ung fukthei (n=8), gammal fukthei (n=6) og gammal tørrhei (n=10). Dekningsgrad er gitt i prosentvise intervall (Hult-Sernander 9 gradig skala). Symbol fylt med same farge innanfor eit år er ikkje signifikant forskjellig frå kvarandre, svarte og kvite symbol er forskjellige ($P < 0.05$).



Foto 3. I velskjøtta lynghei står oftast lyngplantene tett, og det er lite mattedannande mose og strø under lyngen.
Foto L.G. Velle.

2014. Lyngheia blir då lett antennbar og utgjer ein stor risiko for ukontrollerte skog- og lyngbrannar.

TA OPP IGJEN SVIING

I ei undersøking frå Tarva i Sør-Trøndelag vart det utført lyngsviing i ei gammal kystlynghei, der det var meir enn 50 år sidan sist det var svidd lyng. Gjenveksten av vegetasjon blei samanlikna med gjenveksten av vegetasjon i lynghei som var i normal hevd på same øygruppe (Figur 1).

Resultata viser at gjenveksten av vegetasjon vert påverka av om lyngheia er i god hevd eller ikkje. Vegetasjonen, både gras, urter og røsslyng, som alle er viktige for beitedyra, hadde seinare gjenvekst i den gamle lyngheia (Figur 1 a og b). Sjølv om lyngsviinga i den gamle lyngheia var rekna for å vere god, klarte ikkje brannen her å fjerne det tjukke laget med mose og strø som hadde fått utvikla seg over tid. Restar av dette laget låg att etter sviinga, og forsinka særleg frøspirar som skulle vekse fram. Ved restaurering av gamal lynghei er det derfor viktig at ein prøver seg litt fram, og ikkje svir av for store areal slik at ein er trygg

på at ein får ei god revegetering. Dette føreset gode vilkår for lyngviing med tørt mosedekke og lite eller ingen vind, slik at ein får ein sakte brann som fjernar mest mogeleg av mosedekket.

Likevel blei røsslyng på ny ein viktig art etter 5-7 år, mot normalt 2-3 år, der ein har gjenvekst frå rotskot. Tilgangen på røsslyngfrø i frå jordsmonnet (frøbanken) er oftast ikkje ein begrensande faktor for gjenveksten av røsslyng etter sviing i kystlynghei. Røsslyngspirar har låg toleranse for uttørking, og tørre periodar like etter at frøa har spirt kan forseinke gjenveksten noko.

I undersøkinga frå Tarva, vart ikkje diversiteten av planteartar lågare i den gamle lyngheia samanlikna med lyngheia i hevd. Det tok berre litt lengre tid å få inn alle artane. Ei av årsakene kan vere at frøbanken framleis var intakt ved sviing, eller at det spreidde seg frø inn i dei relativt små sviflatene frå områda i kring.

PASS PÅ PROBLEMARTAR

Når gjenveksten av den konkurransesterke arten røsslyng går sakte etter sviing, aukar fara for at uønska

artar får tid til å etablere seg i brannflatene. Dette kan vere artar med omfattande rotsystem og som allereie er å finne i lyngheilandskapet, slik som blåbær, myrull, molte og einstape, eller innførte artar som sitkagran eller berg/buskfuru. Ein skal vere spesielt merksam på artar som sitkagran og bergfuru. Desse har svært gode spredningsegenskaper. Det er synt at dei ved gunstige tilhøve kan spreie seg meir enn 2 km, og at den viktgaste langdistansespreiinga skjer med sørlege og austlege vindar. År med stor kongleproduksjon vil gi stor frøspreiing komande haust og vinter.

OPPSUMMERING

- Gammal kystlynghei i dårleg hevd har eit stort restaureringspotensiale dersom ein tek opp att beiting og lyngsviing.
- Etter sviing av ei kystlynghei i dårleg hevd, vil gjenveksten av vegetasjon ta noko meir tid enn normalt. Dette gjeld både gjenvekst av gras, størr, røsslyng, mosar, lav og det samla talet med artar. Vegetasjonen kjem raskare tilbake allereie etter andre rotasjon med sviing i restaureringsperioden.
- Beitetrykket i ei kystlynghei i restaurering vil generelt sett vere lågare enn når lyngheia er i god hevd.
- Det er viktig å følgje med på kva slags artar som kjem inn i ein restaureringsfase. Sein regenerering av røsslyng kan medføre moglege etablering av uønska artar i tillegg til tap av artar, men ikkje nødvendigvis.

REFERANSAR:

- Davies, G. M., A. A. Smith, A. J. MacDonald, J. D. Bakker, and C. J. Legg. 2010. Fire intensity, fire severity and ecosystem response in heathlands: factors affecting the regeneration of *Calluna vulgaris*. *Journal of Applied Ecology* 47:356-365.
- Gimingham, C. H. 1992. *The Lowland heathland management handbook*. English Nature, Peterborough.
- Hobbs, R. J., and C. H. Gimingham. 1984. Studies on fire in Scottish heathland communities. 2. Post-fire vegetation development. *Journal of Ecology* 72:585-610.
- Thorvaldsen, P. 2016. Sitkagran *Picea sitchensis* i stor spredning i det norske kystlandskapet. Eksempel fra Stadlandet, Selje kommune. *Blyttia* 74:160-171.
- Velle, L. G., L. S. Nilsen, and V. Vandvik. 2012. The age of *Calluna* stands moderates post-fire regeneration rate and trends in northern *Calluna* heathlands. *Applied Vegetation Science* 15:119-128.
- Velle, L. G., and V. Vandvik. 2014. Succession after prescribed burning in coastal *Calluna* heathlands along a 340-km latitudinal gradient. *Journal of Vegetation Science* 25:546-558.

Undersøkingane frå norske kystlyngheier er frå det avslutta NFR-prosjektet: Old Norse Sheep in coastal heathlands – developing a sustainable local industry in vulnerable cultural landscapes (178209/I10). Arbeidet er vidareført i NFR-prosjektet: Land use management to ensure ecosystem service delivery under new societal and environmental pressures in heathlands (LandPress (255090), Miljøforsk 2016-2019). (<http://www.uib.no/fg/eecrg/95159/landpress>)

FORFATTER:

Liv Guri Velle¹, Liv S. Nilsen², Vigdis Vandvik³, Pål Thorvaldsen⁴, Ann Norderhaug⁵ & Samson Øpstad⁶

¹ Møreforsking Ålesund

² Statens Naturoppsyn

³ Universitetet i Bergen

⁴ NIBIO – Tjøtta

⁵ Kulturlandskapstjenester

⁶ NIBIO - Fureneset